




## Høring av søknad - Overføring av V. Melraktjødn til Heimre Flogvatn

LØPENR/SAKSNR: 734/2016-2015/805	SAKSBEHANDLER: Sven Sandvik	DATO: 18.01.2016
-------------------------------------	--------------------------------	---------------------

UTV.SAKSNR: 16/18 16/6	UTVALG: Utvalg for teknikk, landbruk og miljø Kommunestyret	MØTEDATO: 03.02.2016 04.02.2016
------------------------------	---	---------------------------------------

### Bakgrunn

Sira-Kvina kraftselskap søker om løyve til å overføre vatn frå Vestre Melraktjødn til Heimre Flogvatn i Sirdal kommune for å nytte vatnet i Kvinen og Solhom kraftverk. Overføringa vil auke produksjonen av regulerbar kraft i desse kraftstasjonane med til saman 7,7 GWh.



Figur 1: Oversiktskart.

NVE har lagt søknaden ut på høring med frist den 30.01.16. Sirdal kommune har fått utsatt frist til 05.02.16.

Konsesjonssøknad med vedlegg er tilgjengelig på [www.nve.no/konsesjonssaker](http://www.nve.no/konsesjonssaker).

Vatnet skal etter planen overført frå eit inntak i Vestre Melraktjødn til Heimre Flogvatn via ein ca. 800 meter lang bora tunnel og 20 meter nedgravede røyr (under vegen). Det er ikkje

planlagt nye magasin i samband med utbygginga. Overskotsmassar vert lagt i eksisterande steinbrot ved Suleskard. Ein sperredam i betong skal byggjast ved utløpet av Vestre Melraktjødn. Dammen vert ca. 3 meter lang med ca. 2 meter som største høgde. Den vert utstyrt med tappeluke og arrangement for slepp av minstevassføring i Jonsbekken.

Det vert lagt opp til slepp av minstevassføring tilsvarende 5-persentilen for sommar og vinterperioden. Det vil sei 0,022 m<sup>3</sup>/s om sommaren og 0,008 m<sup>3</sup>/s om vinteren.

Ulempene er i hovudsak knyt til redusert vassføring i Jonsbekken og fysiske inngrep ved sperredam og inntak. Samla konsekvens for prosjektet er vurdert å være liten negativ.

### **Vurdering**

Søknaden om overføring av Melrakfeltet bør sjåast i samanheng med revisjonen av konsesjonsvilkåra til Sira-Kvina kraftselskap og utkastet til avtaledokument mellom Sira-Kvina kraftselskap og vertskommunane.

Kommunane og Sira-Kvina kraftselskap har eit felles mål om å oppretthalde og aller helst auke produksjonen av vasskraft samtidig med at ein betrar miljøtilhøva i vassdraga og forholda for utøving av friluftsliv. Eit sentralt premiss for å få til dette er at ein vinn ny kraft som kan kompensere for den kraftproduksjonen som går tapt når ein slepp vatn andre stader.

Overføringa av Melrakfeltet er eit godt prosjekt. Prosjektet tilfører 7,7 GWh ny regulerbar kraft til systemet på ein skånsam måte som gjev liten negativ konsekvens for biologisk mangfald og landskap.

Med utgangspunkt i fagutgreingar for vassdraga, er det i forslaget til avtaledokument foreslått slepp av minstevassføring i fleire av sidevassdraga til Sira. Sira-Kvina kraftselskap anslår at samla krafttap ved slepp i sidevassdraga vert ca. 12 GWh (medrekna overslepp tilsvarende 50%). Overføringa av Melrakfeltet vinn åleine att meir enn halvparten dette krafttapet.

### **Forslag til vedtak**

Sirdal kommune er positive til søknaden om overføring av Vestre Melraktjødn til Heimre Flogvatn. Prosjektet tilfører ny regulerbar kraft til systemet på ein skånsam måte og bidreg til at produksjonen av vasskraft kan oppretthaldast samtidig med at ein slepp vatn der behovet er størst i sidevassdraga til Sira.

## **Saksprotokoll i Utvalg for teknikk, landbruk og miljø - 03.02.2016 – PS 16/18.**

### **Votering**

Rådmannens forslag til vedtak ble enstemmig tilrådt.

### **Tilråding fra utvalg teknikk, landbruk og miljø.**

Sirdal kommune er positive til søknaden om overføring av Vestre Melraktjødn til Heimre Flogvatn. Prosjektet tilfører ny regulerbar kraft til systemet på ein skånsam måte og bidreg til at produksjonen av vasskraft kan oppretthaldast samtidig med at ein slepp vatn der behovet er størst i sidevassdraga til Sira.

## **Saksprotokoll i Kommunestyret - 04.02.2016 – PS 16/6**

### **Behandling**

Per Øyvind Grimsby V, Rolv Guddal AP og Jonny Liland AP var inhabile og fratrådte. Brit Sofie Haugdom V, Bente Eiesland AP og Kåre Lindeland AP møtte som vararepresentanter i saken.

### **Votering**

Utvalg for teknikk- landbruk og miljø innstilling ble enstemmig vedtatt.

### **Vedtak**

Sirdal kommune er positive til søknaden om overføring av Vestre Melraktjødn til Heimre Flogvatn. Prosjektet tilfører ny regulerbar kraft til systemet på ein skånsam måte og bidreg til at produksjonen av vasskraft kan oppretthaldast samtidig med at ein slepp vatn der behovet er størst i sidevassdraga til Sira.

Inge Hedenstad Stangeland  
Rådmann

Sven Sandvik  
Plan- og miljøkonsulent